



Notat

Til: Hege Eide Vik

Kopi til:

Saksbehandler: Samfunnsutvikling/Eirik Haga

Vår referanse: 22/314 - 6 / FA-M70

Dato: 22.03.2022

Emne: Oppfølging av spørsmål - Tilfluktsrom

Definisjonar: [Tilfluktsrom](#) | [Sivilforsvaret](#)

Forskrift om bygging av tilfluktsrom av 15.mars 1995 set krav til private og offentlege tilfluktsrom:

- «§1: Tilfluktsrom er tilfluktsrom som for tiltakshavers regning bygges for dem som normalt oppholder seg på den enkelte eiendom.»
- «§2: Privat tilfluktsrom er tilfluktsrom som for tiltakshavers regning bygges for dem som normalt oppholder seg på den enkelte eiendom.»
- «§3: Offentlig tilfluktsrom er tilfluktsrom som bygges av kommunen for befolkningen i et område, og der utgiftene dekkes av stat og kommune og/eller ved bidrag fra tilfluktsromspliktige tiltakshavere.»

Krav til verksemder om å byggja private tilfluktsrom sler inn når bygget er større enn 1.000 kvm bruksareal (§11). Kravet gjeld ikkje for bustader, døgninstitusjonar for born, bensinstasjonar, drivhus og driftsbygningar på gardsbruk. (§12). Kravet i § 15 er at golvflata skal vera 0,6 kvm for kvar person tilfluktsrommet skal gje plass til pluss naudsynt utstyr og installasjonar.

For helseinstitusjonar kan Direktoratet for sivilt beredskap (DSB) krevja større golvflate.

Krav til å byggja offentlege tilfluktsrom er detaljerte i høve utforming, kva romma skal verna mot, tekniske krav etc. Forskrifta gjev utdjupande svar på kva ein kan nytta tilfluktsromma til i fredstid. Eit vesentleg krav er at romma skal kunna klargjerast til bruk på 72 timar.

[Forskrift om tilfluktsrom - Lovdata](#)

Plikt til å byggja tilfluktsrom.

Ikkje alle kommunar har plikt til å byggja offentlege tilfluktsrom. Det er justis- og beredskapsdepartementet som fastset kva for kommunar som har plikt til å byggja tilfluktsrom og krav til verneevne (§8).

I tidlegare Hordaland fylke slo departementet fast at Bergen, Stord, Odda, Voss, Os, Sund, Fjell, Øygarden, Lindås og Austrheim hadde plikt til å byggja offentleg tilfluktsrom.

I tidlegare Sogn og Fjordane hadde ein denne plikta i Flora, Høyanger, Sogndal, Årdal, Førde, Bremanger og Vågsøy.

Vaksdal kommune har ikkje plikt til å byggja offentlege tilfluktsrom.

DSB har utarbeidd ein rettleiar til forskifta. Opplistinga av kommunar med plikt er tatt med i vedlegget til denne med slik innleiing:

«Fortegnelse over kommuner der det er plikt til å bygge tilfluktsrom

Kommuner som i tillegg til bygging av privat tilfluktsrom har fått et særskilt pålegg om bygging av offentlig tilfluktsrom for 20% av befolkningen er merket «Offentlig». (.....) For enkelte kommuner gjelder bare plikten til å bygge tilfluktsrom i deler av kommunen. Mindre utsatte områder kan være fritatt for tilfluktsromplikt. Detaljerte opplysninger om hvor grensene for tilfluktsrom går i en kommune kan en få opplysninger om hos vedkommende sivilforsvarskrets.»

[95-forskriftene-og-veileder.pdf \(sivilforsvaret.no\)](#)

Tilfluktsrom i Vaksdal kommune.

Det har vore bygd tilfluktsrom i Vaksdal kommune. Private verksemdar har fulgt dette opp for eigne tilsette.

Vaksdal kommune har nokre tilfluktsrom i tilknytning til eigne bygg; for brukarar og tilsette i bygga. Såleis kan ein *ikkje* rekna dei som offentleg.

Under planleggjinga av Dale skule fekk ein i 2017 løyve til å sanera tilfluktsrommet ved Dale ungdomsskule. Dette hadde ein viss storleik og vart nytta m.a til diskotek og valfag skyting.

I 2020 fekk ein løyve til å sanera tilfluktsrommet som låg i kjellaren på det gamle Coop-bygget som vart nytta av Vaksdal skule sitt småskulesteg og sfo. Det var ubrukeleg.

Same året planla ein Stamnes oppveksttun med påbygg og ombygging. Her tok ein vare på tilfluktsrommet.

Situasjonen er slik:

- **Vaksdal:**

- Vaksdal sjukeheim. Rommet er brukt til garderobe og kleslager. Kan gjerast operativt i løpet av 48 timar. Kravet er 72 timar. Det er tenkt for bebuarar og tilsette som er på huset.
- I fjellet vis a vis tabernakelet i Botnavegen/Siribrekka. Me er usikre på om det er ute av drift, og om det er/var i offentleg eller privat eige?
- Vaksdal Mølle har 2 tilfluktsrom:
 1. Eit som ligg inne i fjellet ved lasteområdet for stykkgoods/ «Lastedokk» (Kaivegen 34), dvs når ein køyrer ned forbi stasjonen så køyrer ein helt ned. Rommet har ikkje innreiing, og vert brukt til lagring av salsvare på kanner.
 2. Eit som ligg i fjellet i bakkant av «Badet» (Møllevegen 13). Innreiingen her er nok prega av fukt, og har ikkje vore ettersett på mange år. Har inngang ved sida av «Badet», men skal og ha ei dør ut i jernbanetunnelen som ligg i bakkant. Tilfluktsromma er tenkt for eigne tilsette og folk som oppheld seg i bygget.

- **Stanghelle:**

- I kjellaren i mellombygget bak ungdomslokale. 60 kvm. Eit golvareal på 60 kvm stettar krava til å husa 100 personar
Bygget er tenkt for elevar og tilsette ved skulen.

- **Dale:**

- I kjellaren på heradshuset. 70kvm. Eit golvareal på 70 kvm stettar krava til å husa 115 personar.
- I Dale Fabrikker AS. Fjellhallen ved hovudinngangen. 700 kvm. Rommet var i si tid tenkt for tilsette i Dale Fabrikker. Eit golvareal på 700 kvm stettar kravet til å husa 1150 personar. Atterhald om plasskrevjande instalsjonar.

I hallen var det og komandosentral for sivilforsvaret. Flyalarm kunne varslast herfrå til Dale, Dalseiddalen og Stanghelle.

- **Stamnes:**
 - I kjellaren på skulen i Sanden.

Til spørsmåla frå formannskapet 15.03.22.

1. *Hva er status på tilfluktsrom til innbyggerne i Vaksdal kommune? Hvor mange sertifiserte tilfluktsrom finnes i Vaksdal kommune?*
2. *Finnes det tilfluktsrom som ikke er sertifisert?*

Ingen av tilfluktsromma kommunen eig er sertifiserte. Dei er ofte nytta til tilfeldig og uheldig lagring. I høve krava til verneevne, byggetekniske arbeid, ventilasjon, sanitær og elektro er det vanskeleg å forstå at romma stettar desse.

Tilfluktsromma ved Stamnes oppveksttun og Stanghelle skule har to utgongar der den eine fører ut i friluft.

I heradshuset har rommet to utgongar, men begge ender opp i same innandørs korridor.

3. *Hvor mange er private? Hvor mange er offentlige?*

I dialog med Mølleverksemdene og Dale Fabrikker kjem det fram at deira tilfluktsrom heller ikkje er sertifiserte.

Sjå over! Ingen er offentlege i den forstand at dei er bygde for ålmenta. Dei kommunale er bygd for brukarane av husa; skular, sjukeheim og heradshus.

4. *Er det andre lokaler som kan brukes i en akutt nødsituasjon? (kan også være arealer som ikke er i kommunalt eierskap)*

Fjellhallar og produksjonsanlegg.

Me har kontakta BKK i høve anlegga deira i fjellhall. Kraftanlegga er i ikkje tilgjengelege for ålmenta.

Dei ser føre seg fleire scenario m.a:

- At sjølve kraftverket kan vera eit militært mål. Då kan ein ikkje søkja tilflukt i hallen.
- At linjenett og trafo kan vera eit militært mål. Då stoggar produksjonen og det vert fort kaldt i hallen. I ytterste naud kan ein søkja seg dit men det vert fort veldig kaldt. Det er heller ikkje toalett.

Tunnelar.

I media kjem det fram tankar om å nytta tunnelane. Dei har me jo ein del av på E16 og Fylkesveg 569.

Jernbanen har fleire tunnelar både på Vossabanen og nedlagde trasear.

Tunnelane kan både vera militære mål og objekt for sikring. Er dei opne for trafikk er dei uaktuelle å opphalda seg i.

Det finnst nokre nedlagde tunnelar på strekninga Hana – Stavenes og på Dalseide som kan brukast til vern mot konvensjonel krigføring.

Desse gjev lite vern mot atomær, biologisk eller kjemisk krigføring (ABC) eller radioaktivt nedfall.

Med helsing

Eirik Haga
Senior rådgjevar

